# Vårsøghelga 2005

## BILLETTSAL

- Kleivakvelden
- Konserten Med Arja Saijonmaa
- Bokbad med Are Kalvø
- Kulturhusfesten
- Kyrkjekonserten
- Kinoforestillingar

Billettane kan kjøpast på Surndal kulturhus i opningstida;

Måndag og onsdag
Kl. 11.00 - 15.00

Tysdag, torsdag og fredag
Kl. 11.00 - 19.00

Laurdag
Kl. 11.00 - 16.00

Søndag
Kl. 16.00 - 20.00

Eller på kulturhuset sin telefon:
71 65 73 08

## VÅRSØGSEMINARET

påmelding innan 6. mai,
telefon nr: 91112416.

Billettar til dei andre arrangementa kan kjøpast ved inngangen, dette gjeld og Kleivakvelden og Kyrkjekonserten.

www.Vårsøghelga.no

Design: Amfi Kreativ AS/Heid Snekvik 71 65 75 00
Trykk: www.blankett-service.no 72 48 78 72



**SURNADAL 12.-15. MAI**

Vårsøghelga

# VELKOMNE TIL VÅRSØGLANDET!

Vårsøglandet ligg i Norden. Derfor er det naturleg å hente nordiske artistar hit. I år feirar Norge 100 års sjølvstende. I Vårsøglandet feirar vi òg eit tidlaust nordisk fellesskap. Ta godt imot dei flotte gjestane våre frå Finland, Sverige, Danmark og Sameland!



Jubileumsåret 2005 rommar fleire runde tal: Det er 60 år sia Hans Hyldbakk skreiv Vårsøg, fredsvåren 1945. Dette er den tiande Vårsøghelga, som har fleire arrangement enn nokon gong: 30. Og det er aller første gongen du kan høre joik på Kleiva...

Det er mange trådar i kulturveven Vårsøghelga 2005. Den aller lengste går til kunstmålaren Dorothea Follestad frå Stangvik.



I mai er det 150 år sia ho vart født, og vi minnest henne med utstilling i Kallastuå. Vi møtest ikkje til Vårsøghelga om 150 år, men kulturen vår lever vidare. I Vårsøglandet, i Norden.

Nyt vårsøget!

Svein Sæter
leiar i Laget Vårsøg

# PROGRAMOVERSIKT

## Torsdag 12.5

| | |
|---|---|
| 17.00 | Kallastukveld: Dorothea Follestad 150 år |
| 19.30 | Bygdakveld på Skei<br>Surnadal kulturhus |

## Fredag 13.5

| | |
|---|---|
| 09.00 | Skuleforestilling for klassetrinn 5/6/ 7. |
| 10.00 | Vårsøgseminar 2005 |
| 11.00 | Eldre hjelper eldre |
| 16.30 | Utstillingsopning, Galleri Finstuå |
| 17.00 | Korpsoppmarsj og jublande korpskonsert |
| 19.00 | Kleivakvelden |
| 20.30 | Kulturhuset opnar. Matsal |
| 21.30 | Pianobar på Hotellet |
| 22.00 | Kulturhusfest med jamming, |

## Laurdag 14.5

| | |
|---|---|
| | NORDISK BARNEFILMDAG;<br>*10.00 Danmark: Tre prisvinnande filmar*<br>*12.00 Finland: Favoritter fra Mummitrollet*<br>*14.00 Norge: Sigurd Drakedreper*<br>*16.00 Sverige: Ronja Røverdatter*<br>Kammerset, Surnadal kulturhus. |
| 13.00 | 60-årsmarkering etter 2. verdskrig.<br>Krigsminnesamlinga på Åsen. |
| 13.00 | Familiedag Åsen bygdemuseum |
| 14.00 | Utstillingsopning , Åsen Bygdemuseum |
| 14.30 | Vera Villspiker. barneteater på Åsen |
| 15.00 | Bokbad med Are Kalvø!<br>Surnadal kulturhus |
| 16.30 | "Dø om så det gjelder..."<br>Konsert med Anne-Lise Berntsen og Trygve Brøske, Todalen skule. |
| 19.00 | Nordisk konsert<br>Åsen Bygdemuseum |
| 21.00 | Låvedans på Åsen |
| 21.30 | Pianobar på Hotellet. |

## Søndag 15.5

| | |
|---|---|
| 11.00 | Pinsegudsteneste, Stangvik kyrkje |
| 12.00 | Matsal i Bondehuset, Stangvik |
| 14.00 | "Isberget" av Henning Sommerro.<br>Konsert i Stangvik kyrkje |
| 18.00 | Arja Saijonmaa og Petri Somer<br>Konsert i Storstuå, Surnadal kulturhus |

*For detaljert program, sjå side 6.*

# SPONSORAR

## Hovudsponsorar:

Pipelife
Surnadal & Stangvik Sparebank www.bank.no
Statkraft
Domus Senter
SPA klinikken
Surnadal Hotell
Surnadal Matsymfoni

## Delsponsorar:

Svorka Energi
Kombi Regnskap & Økonomi AS
SLP Surnadal Logistikk Partner AS
Gjensidige Forsikring Surnadal
Talgö
Driva
OrkideNett det lokale alternativet

## Vi takkar for tilskot frå:

Surnadal Kommune
norden Nordisk Kulturfond
Norsk Kulturråd
Møre og Romsdal fylkeskommune

# OMTALAR

## DOROTHEA FOLLESTAD 150 ÅR



I år er det 150 år sia den gåverike kunstnaren Dorothea Follestad frå Stangvik vart fødd. Ho studerte i Kristiania, Berlin og Paris, under mellom andre Harriet Backer og Christian Krogh. Dorothea var først og fremst portrettmålar, men måla også landskap. Ho flytta heim til Stangvik i 1904, og døydde der i 1921. Bernt Bøe er ansvarleg for denne første Follestad-utstillinga sia 1978. Utstillingsopninga i Kallastuå markerer også opninga av Vårsøghelga 2005.

Opning i Kallastuå torsdag 12.05. kl. 17



## DANSK I FINSTUÅ



Den danske biletkunstnaren Charlotte Bøgh er årets Vårsøgkunstnar. I heimlandet blir kunsten hennar karakterisert som både energisk, fargesterk, kjenslevar og elegant. Bileta har sterk og brei appell. I denne utstillinga er gjennomgangstemaet orangutangar, måla under eit opphald i Malaysia. Norgespremière: Dette er første gongen Charlotte Bøgh stiller ut i her i landet.

Opning i Finstuå, kulturhuset, fredag 13.05. kl 16.30

## PUMA MED HARPE

Peter "Puma" Hedlund er Sveriges leiande utøvar på nøkkelharpe, eit flott instrument som han tryllar fantastiske tonar ut av. Vi er glade for å ha "Puma" som gjennomgangsfigur under Vårsøghelga 2005. Han spelar både på Kleivakvelden, dukkar opp på jamminga etterpå, kjem til "eldre hjelper eldre" fredag, og på den store nordiske konserten på Åsen laurdag.

## TIDENES KLEIVAKVELD



Storkveld på Kleivakongens slott, 60 år etter at Hans Hyldbakk skreiv Vårsøg. Fantastiske artistar: Arja Saijonmaa og Petri Somer, Henning Sommerro, John Pål Inderberg, Anne-Lise Berntsen og Trygve Brøske, riksspelemann Peter "Puma" Hedlund, joikaren Inga Juuso. Vårsøgdikt. Utdeling av Kleivaprisen og Kleivafondet. Det beste programmet på Kleiva nokon gong!

Fredag 13.05. kl. 19

## ARE KALVØ LIVE



Are Kalvø er verdas mest etterspurte sunnmøring. Komikaren, radiofantomet og revyartisten er også forfattar. Etter ein serie latterlege klassikarar som Harry og Bibelen 2, debuterte nyleg mannen frå pizzabygda som romanforfattar. Nød fekk gode kritikkar, og var hovudbok i Bokklubben Nye Bøker. Are Kalvø: Profet eller pizzabakar? Avslør sanninga i årets bokbad, under delvis kontroll av Svein Sæter.

Storstuå, kulturhuset, laurdag 14.05. kl. 15

## KRIG OG FRED



Anne-Lise Berntsen og Trygve Brøske er blant landets beste radarpar. Song, musikk og historie blir eitt når dei presenterer "Dø om så det gjelder... et annerledes 60-års-jubileum". Vi møter to av hovudpersonane i 2. verdskrigen, Adolf Hitler og Vidkun Quisling. Kva slags musikk hørte dei på? Korleis vart dei opplevd av familiane sine? Og korleis var miljøa som forma dei?

Todalen skule, laurdag 14.05.kl. 16.30

## JOIK!

For første gong byr Vårsøghelga på rotekte joik. Inga Juuso frå Kautokeino opptrer i heile Norden, og er tilsett som joikar i Musikk i Troms. Ho har svært brei bakgrunn frå musikk og samisk kulturliv og har samarbeidd med musikarar frå alle verdshjørne. Under Vårsøghelga joikar ho både under Kleivakvelden og på Nordisk pinsefeiring på Åsen.

Fredag 13.05. kl 19 og laurdag 14.05. kl. 19



## ENDELEG: ARJA!



Arja Saijonmaa er ein av Nordens største artistar. Ho har sunge verda rundt, og er mellom anna kjent for samarbeidet med Mikis Theodorakis. Han fyller 80 i haust, og Arja hyllar han med ein turné som tjuvstartar i Surnadal. I tillegg syng ho på Kleivakvelden. Med seg har ho sin faste akkompagnatør, den kjente pianisten Petri Somer. Arja samarbeider gjerne med lokale utøvarar, denne gongen med Tordenskjold songlag og Bøfjorden mannskor.

Storstuå, kulturhuset, søndag 15.05. kl. 18

## HENNING OM NANSEN

Søndagens konsert i Stangvik kyrkje er eitt av dei store løfta i årets Vårsøghelg. "Isberget" er Henning Sommerro sitt verk om nasjonalhelten Fridtjof Nansen. Tidlegare framført i Norge og Russland. Med ballett, solistar, kor og orkester: Kristiansund Sinfonietta, "Vårkoret", sopran Bodil Rasmussen, baryton Bjørn Tore Vaagan. Dirigent: Ragnar Rasmussen. Innleiing ved Nansen-historikar Karin Berg. Våryrt vorspiel med John Pål Inderberg.

Stangvik kyrkje, søndag 15.05. kl. 14



# PROGRAM

## Torsdag 12.5

**17.00** KALLASTUKVELD
Opning av Vårsøghelga 2005
Utstilling: Dorothea Follestad, 150 år - Kunstmålar med lokale røter.
Program: lokale innslag
BILL: KR 50/100
*Opningstider i Kallastuå:*
*Fredag og laurdag kl 13-15,*
*søndag og 17. mai kl 15-17.*

**19.30** HISTORISK BYGDAKVELD
på Skei, Surnadal, kulturhus
Det er 100 år sia unionsoppløysinga, og bygdakvelden er ein del av kultursta fetten som markerer det. Rikt program: Kåseri om Surnadal i 1905. Gruppa Lovnad framfører songar av Jørgen Gravvold. Musikal-stjernene Sigrid Vetleseter Bøe (song) og Ingrid Helene Halle (piano) opptrer, og det blir dikt og humor. Guest stars: Perikom frå Rindal. Tradisjonsrik mat: Kjøtt og påsse i kulturkaféen etter førestillinga.
PRIS MED MAT: 200. UTAN MAT: 50/100.



## Forts fredag 13.5

**16.30** UTSTILLINGSOPNING CHARLOTTE BØGH
Galleri Finstuå i Surnadal kulturhus.
Opningstider: Laurdag kl. 11 - 16, søndag kl. 16 - 20, kvardagar 17 - 19
Utstillinga held fram til og med 22. mai.

**17.00** KORPSOPPMARSJ
og jublande korpskonsert på Kulturhustorget. Hornmusikken, Surnadal skulekorps og Stangvik og Mo skulekorps marsjerer frå Amfi til kulturhuset.

**19.00** KLEIVAKVELDEN
Arja Saijonmaa og Petri Somer, Henning Sommerro, John Pål Inderberg, Inga Juuso (joik), Anne-Lise Berntsen og Trygve Brøske, riksspelemann Peter "Puma" Hedlund, Vårsøgdikt. Utdeling av Kleivaprisen og Kleivafondet.
BILL: 80/180

**20.30** KULTURHUSET OPNAR DØRENE;
Sal av mat.

**21.30** PIANOBAR PÅ HOTELLET

## Forts. laurdag 14.5

**14.00** NORDISK BARNEFILMDAG
"Sigurd Drakedreper"
Kammerset, Surnadal kulturhus
BILL. 30

**12.00** NORDISK BARNEFILMDAG
"Ronja Røverdatter"
Kammerset, Surnadal kulturhus
BILL. 30

**13.00** KRIGSMINNESAMLINGA,
Gammalskulen Åsen. 60-årsmarkering for freden. Servering. Arr.: Indre Nordmøre Forsvarsforening og Tysklandsbrigadenes Veteranforening

**13.00** FAMILIEFEST PÅ ÅSEN
Åsen Bygdemuseum
Her skjer det store ting: Riding på islandshest og shetlandsponni (ved Stall Lerbrua), omvisning i museet, sal av bakels og kaffe. Surnadal Fotoklubb stiller ut bilete frå tida rundt unionsoppløysinga. Og det blir kjøle gøytt barneteater med Vera Villspiker (Kirsti Huke) og tre musikantar.

## Fredag 13.5

**09.00** SKULEFORESTILLING
Kammerset, Surnadal kulturhus.
Filmen "For Tors skyld" blir vist for 5. til og med 7. klasse.

**10.00** VÅRSØGSEMINAR 2005
Meir utvandringshistorie frå Nordmøre? Dordi Skuggevik Tande, Tor Ålbu og Tommy Fossum innleier om arbeid med utvandringshistorie i Stangvik, Rindal og Sunndal. Seminaret opnar klokka 10, og blir avslutta med spørsmåls runde klokka 15.
Påmelding: tlf. 911 12 416
innan 6. mai.
SEMINARAVGIFT: 200

**11.00** ELDRE HJELPER ELDRE
Underhaldning ved Roy Bakke og den svenske riksspelemannen Peter "Puma" Hedlund

**22.00** FESTLEG FREDAGSKVELD
Kulturhusfesten med musikardugnad gjev påfyll for mage og sjel. På menyen står det bacalao, og på scena står ei sterk blanding musikarar med meir. Gladjazzgruppa Safari slår til igjen. Nils Arne Eggen og Åge Hareide kjem innom, latterleg tolka av Johan Øiestad. Det blir overraskingar, og scena er ledig for deg som vil trø til med ein melodi eller tre!
Foajéen, kulturhuset,
BILL. 150

## Laurdag 14.5

**10.00** NORDISK BARNEFILMDAG
"3 prisvinnande filmar frå Danmark"
Kammerset, Surnadal kulturhus
BILL: 30

**12.00** NORDISK BARNEFILMDAG
"Favoritter fra Mummitrollet"
Kammerset, Surnadal kulturhus
BILL. 30

Opning fotoutstilling kl. 14.00.
Barneteater kl. 14.30, bill. kr. 50
Fotoutstillinga er òg open søndag kl. 15 - 17

**15.00** BOKBAD: ARE KALVØ!
Surnadal kulturhus.
Are Kalvø frå Stranda; profet eller pizzabakar?
Møt han sjølv, og avslør sanninga om humoristen som skreiv Bibelen 2 og no har blitt romanforfattar.
BILL. 100

**16.30** "DØ OM SÅ DET GJELDER..."
Todalen skule
Ein unik konsert med Anne-Lise Berntsen (song) og Trygve Brøske (piano). Musikk og historie i eitt: Det er 60 år sia 2. verds krigen tok slutt. Kva slags musikk hørte Adolf Hitler og Vidkun Quisling på?
BILL. KR. 100

# PROGRAM FORTS.

## Laurdag 14.5

**19.00** NORDISK PINSEFEIRING
Alle tiders pinsekveld på Åsen bygde museum, med bålbrenning og nordiske tonar: Torgeir Leivdal på fele, Peter "Puma" Hedlund på nøkkelharpe, joik ved Inga Juuso, Ola Bræin på munn harpe, Roy Bakke på neverlur, Roger Kjøsen Duo og gamaldansorkesteret Over stokk og stein, færøysk stordans ved Kattsmygarlaget frå Tingvoll, tids tablå anno 1905 ved Svarrabærje teaterlag. Og etter konserten blir det låvedans!
Kl. 19 - Nordisk konsert.
Kl. 21 - Låvedans.
BILL. 150 PR. ARR., ELLER 200 FOR BÅE

**21.30** PIANOBAR PÅ HOTELLET

**18.00** KONSERT MED ARJA SAIJONMAA
Ein av Nordens største artistar gjestar Storstuå. Arja Saijonmaa opptrer over heile verda. Til Surnadal har ho med seg den dyktige pianisten Petri Somer, og får besøk på scena av dei lokale kora Tordenskjold songlag og Bøfjorden mannskor. Arja syng òg på Kleivakvelden fredag.
Storstuå, Surnadal kulturhus.
BILL. 250

## VÅRSØGHELGMOTIVET

Vårsøgkunstnaren 2005 er dansk. Carlotte Bøgh har mala gorillamor med unge, som prydar program, plakatar og t-skjorter (i år får du skjorter i damefasong). Charlotte Bøgh si utstilling i Galleri Finstuå held fram til 22. mai.



## Vårsøgboka

### 350 DIKT AV 250 FORFATTARAR!

Sia1999 har fleire hundre barn og unge frå Surnadal kommune skrive tusenvis av dikt til Vårsøghelga. Her kjem 350 høgdepunkt! Dikt som er korte, lange, finurlege, filosofiske, alvorlege og artige. Dikt til å bli glad av!




150,-

Boka er i sal på Surnadal kulturhus, Notabene og alle arrangement under Vårsøghelga.



## Søndag 15.5

**11.00** PINSEGUDSTENESTE
Fellesgudsteneste i Stangvik kyrkje. Opplev kyrkjebåtane som blir rodd innover fjorden frå andre stader i kommunen.

**12.00** MATSAL I BONDEHUSET, STANGVIK
Tradisjonsrik matbit (bacalao) medan vi ventar på konserten i Stangvik kyrkje.

**14.00** "ISBERGET" - FRIDTJOF NANSEN I STANGVIK KYRKJE
Vorspiel: John Pål Inderberg m. fl.
"Isberget" er Henning Sommerro sitt verk om nasjonalhelten Fridtjof Nansen. Med orkesteret Kristiansund Sinfonietta, "Vårkoret", sopran Bodil Rasmussen, baryton Bjørn Tore Vaagan. Dirigent: Ragnar Rasmussen. Ballett. Innleiing ved Nansen-historikar Karin Berg. Etterspel med John Pål Inderberg.
BILL. 200

## VI STØTTAR VÅRSØGET

Europris
Bunnpris – Prisene til bunns - ikke utvalget!
Hydro
Esso
Gjeldnes Data
møbel-fiske – Surnadal A/S – Tlf 71 65 77 90
b.young
Cubus
Husfliden
Rema 1000
Villy's Rengjøringsservice AS
Kias Kvanne Industrier AS
Byggmakker Surnadal
Skei Fargehandel
Hydro Texaco
Skei Klippotek
Surnadal Transport AS
Fjord1 MRF
Norbørst – Nordenfjeldske Børstefabrikk AS – www.norborst.no
AMFI Eiendom ASA



## ARE KALVØ

### Nød




kr 98,00

«Are Kalvø har nærmest skapt et nytt språkpar: Viktig og vittig. Viktig uten gravalvor, vittig uten flåseri.»
Terje Stemland, Aftenposten

Hft. kr 98,– (Kjem i mai)

# TAKK FOR VÅRSØGET!

## SVÆRT MANGE HAR VORE MED PÅ Å SKAPA 10 VÅRSØGHELGER:

TRYGVE BRØSKE - JOSTEIN ANSNES - NORA VETLESETER BØE - SONGKORET TORMOD - TOR ERIK JENSTAD - ARILD HOKSNES - HALVARD BJØRKVIK - ANNE-BRIT ØSTBØ - VIDAR SANDEM - SURNADAL HORNMUSIKK - SONGKORET KORALL - TORDENSKJOLD SONGLAG - ANDERS LARSEN - EDVARD HOEM - TONE SØYSETH - CRESCENDO GOSPELKOR - KATTSMYGARLAGET - HALVDAN SIVERTSEN - BØFJORDEN MANNSKOR - SVEIN ROGER KARLSEN - INGEBORG HUNGNES - ANNE LUNDENG - FAMNTAK - DILARIA DMITRIEVA - ALEXANDER BOBIN-SCHMIDT - PANZERSKREKK - ELENA YAKOVLEVA - JO NESBØ - LARS JONES - TUNGTVANN - JO INGE NES - SVEN OLAV LYNGSTAD - BRENDA BREWLETT - ARS NOVA - CHARLOTTE BØGH - MULTICYDE - FRED OLA BJØRNSTAD - FAMILIEN LARSEN - OLA BRÆIN - BENGALO - HERBORG KRÅKEVIK - HALVARD DALSBØ - KRISTIANSUND SINFONIETTA - RAGNAR RASMUSSEN - BJØRN TORE VAAGAN - BODIL RASMUSSEN - KARIN BERG - VÅRKORET - LARS S. HAUGE - HILDE BERGFALL - FRODE ALNÆS - RAGNHILD VANEBO - LYNNI TREEKREM - RAGNHILD BREMNES - ELDBJØRG RAKNES - OVE RØSBAK - ALY BAIN - ARNE NØST - ARE ANDREASSEN - BRIT ÅGOT BRØSKE - ÅSE KARIN HJELEN - ANDERS STANGHELLE - TINGVOLL KYRKJEKOR - LOVNAD - INGRID HELENE HALLE - HOLGER MOLVÆR GRIMSTAD - ARJA SAIJONMAA - PETRI SOMER - AUD FOLKESTAD - IDA LOU LARSEN - SILJE TUNES - CECILIE WÅHLBERG - TORLEIF HOLM - BENITO - DORDI SKUGGEVIK TANDE - TOR ÅLBU - TOMMY FOSSUM - TORBJØRN KVANDE - SVEIN HÅVARD SAKSEN - RANDI OG SVERRE HATLE - KÅRE STUBØ - DANSETEATERET - INGA JUUSO - JOHAN ØIESTAD - PER HUSBY - STANGVIK OG MO SKULEKORPS - OLE MAUSET - SONJA IREN SJØLI - PETER "PUMA" HEDLUND - BARNEKORET JUBILATE - KARL BARX - KRISTIN HØISETH RUSTAD - SIRI GJÆRE - ANNE-LISE BERNTSEN - KÅRE BJØRKØY - MARIA STATTIN - SURNADAL TREKKSPILLKLUBB - CANTUS - KOLBJØRN BOTTEN - JAN AASLAND - BERNT BØE - TURID RØEN KROKNES - ERLING SOLEM - ÅSGÅRD UNGDOMSLAG - ANNE-CATH. VESTLY - KNUT BUEN - OPPDAL SPELEMANNSLAG - BJØRN ALTERHAUG - TRØNDERKOR -



ENGER LAHNSTEIN - KNUT ANDERS VESTAD - ALF RAMSØY - JOHN PÅL INDERBERG - HENNING SOMMERRO - BERIT LILLEVOLD - OVER STOKK OG STEIN - ROGER KJØSEN - SONDRE BRATTLAND - ROLF HINDHAMMER - MELLVIN STEINSVOLL - IDAR GJØVIK - RAGNAR STUBØ - TORGRIM TUNES - GEIR DIGENES - MAGNUS FORSBERG - TONE HULBÆKMO - ELSE BØE - STRINDA STRINGS - JON SKOGSTAD - HANS FREDRIK JACOBSEN - RUNE GJELDNES - BYRGE ESPÅS - ANNELENE HAFTORN - KRISTIANSUND KAMMERKOR - GRO KJELLEBERG SOLLI - ARE KALVØ - SVARRABÆRJE TEATERLAG - TORGEIR LEIVDAL - RAGNA OG ANDERS ANSNES - HEDDA HANSEN BERG - OLAF KVENDSET - ODD BØRRETZEN - LARS MARTIN MYHRE - ELISABETH HELLAND LARSEN - SUSANNE SKEI - MARIT BOCKELIE - OTTAR ROALDSET - HELLBILLIES - INGEBORG GRIMSMO - MALIN S. ULSETH - TOR ENDRESEN OG KOMPANIET - SVEIN SÆTER - HEIDI SALIN LIE - PETER WERGENI - BJØRN HUMMELSUND - KIRSTI HUKE - SVANHILD HUSBY - MARIT MOEN - STAGE DOLLS - PERIKOM - GUDMUND HUSBY - NARVE TALGØ - LIV ASTRID HUSBY - BERIT SYNNØV TJELLE - HANS ROTMO - ARVE GULBRANDSEN - THOMAS HENRIKSEN - EIRIK REINSVIK - ULLA BRITT HASSELVOLD - SOLVEIG AARESKJOLD - TONE ÅSE - STÅLE STORLØKKEN - CARL HAAKON WADELAND - MARTIN SMIDT - ROY BAKKE - BJØRN OLE SOLBERG - JØRGEN GRAVVOLD - HANS HYLDBAKK - INGRID ANGVIK - KRISTIN POLDEN FJELNSET - ÅSSKARD KYRKJEKOR - SVEINUNG LILLEBJERKA - MAY HELEN SVARRABÆRJEKORET - ARVID BLINDHEIM - GUNNVALD BØE - TORSTEIN BUGGE HØVERSTAD - RUNI LANGUM - KORET FOSNAFOLK - HÅVARD BENDIKSEN - KORET BEL CANTO VESTFOLD - SONDRE MEISFJORD - SAFARI - CARSTEN ANDERSEN - HANS MARTIN ØIEN - SIGRID VETLESETER BØE - ANNE LISE BOGE - KYRRE HAVDAL - JENNY KLINGE - LARS TORBJØRN GJØRA - BERIT ANNE RØKKUM - LISBET SOLENES - ANNE GRETE KVENDSET - ANNE MARIE ROGNSKOG - ARILD MOGSTAD - TOR ÅLBU - DALAKOPA - OLAV NYHUS - NORVALD BONDHUS - ELLINOR HUSBY BÆVRE - ERIK BYE - LILLI HUSBY - INGRID NYHUS - TOVE RAMLO - ANNE KLEIVSET - ROLF ARNE BERG - JON ARNE MOGSTAD - HELLE HANSEN BERG - SKJÆRGÅRDSKORET - ELEVAR FRÅ KULTURSKULEN OG GRUNNSKULANE I SURNADAL KOMMUNE